



Jeko Maskin
Att. Jens J. Konow
Fantofneset 9
5072 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
2009/1069 - 25433/2009

Saksbehandlar – tlf.
Larissa Dahl - 56 37 56 37

Arkivkode
58/119

Dato
24.11.2009

Delegert sak

Løyve til tiltak Gbnr. 58/119 Lygre indre Kai, flytebryggje, overbygg, to takvinduer, utviding av terrasse fritidsbustad

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteke 13.08.09 og vedlagt:

- teikningar m/ terrengprofil
- situasjonsplanar
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- kontrollerklæring for prosjektering
- Samtykke

Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld oppføring av kai, flytebryggje til eksisterande naust og fritidsbustad i regulert område for Buskeneset hytteområdet. Plan er vedtatt 07.02.1985.

Det er også søkt om overbygg av inngangsparti, 2 takvinduer, utviding av terrasse og innsetjing av stuevindu.

Etter vurdering av saksopplysningar kan ikkje administrasjonen sjå at oppføring av tiltaket skal vera i strid med reguleringsplanen sitt føremål. Det vart teke stode til handsaming av liknande sak i same område nr. 155/05 i formannskapet den 05.10.2000.

Nabomerknad.

Det ligg ikkje føre merknad frå nabo/gjenbuar.

Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

SAK§23d, fastsett ein sakshandsamingsfrist for søknadssaker på 12 veker. Saka er ikkje komplett og løyve er gjeve på vilkår.

Gebyr for handsaming vert ikkje råka av reglane for gebyrreduksjon.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspiktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. Tiltakskl.1. Andre søknadssaker	6.500,-
Tilleggsgebyr, lite	2.400,-
SUM	8.900,-